

# Handlingsplan ved ulukker og krise

## Viktige telefonar




| | |
|---|---|
| 110 | BRANN |
| 112 | POLITI |
| 113 | AMBULANSE |
| 916 02 107 | RÅDMANN |
| 53 65 55 00 | Ølen legekontor |
| 52 76 74 00 | Skjold legekontor (Vindafjord legesenter) |
| 116 117 | Legevakten |
| 53 76 89 00 | Ambulanse |
| 53 76 63 00 | Lensmannen i Ølen |
| 53 65 55 60 | Helsesyster Skjold |
| 53 65 65 65 | Vindafjord kommune |
| 52 76 73 82 | Prestekontor Skjold |
| 53 65 57 10 | PPT |

## Revisjonar og drøfting av case

| Dato | Utval | Resultat |
|---|---|---|
| 7.1.13 | Driftsgruppa | 1. utkast |
| 15.1.13 | Fellesmøtet | 1. revisjon |
| 23.1.13 | Driftsgruppa, brannvernleiar, sekretær | 2.revisjon |
| 25.1.13 | Rektor | Endeleg |
| 16.8.13 | Driftsgruppa | 1. revisjon 13 - 14 |
| 3.9.14 | Driftsgruppa | 1.revisjon 14-15 |
| 31.08.15 | Driftsgruppa | 1.revisjon 15-16 |
| 23.08.16 | Driftsgruppa | 1,revisjon 16-17 |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |

## Øvingar

| Dato | Kven | Farge | Dato evaluert |
|---|---|---|---|
| Brann, varsla veke 38, 2015 | Personalet og elevane | | |
| Brann uvarsla, veke 5, 2016 | Personalet og elevane | | |
| Brann, varlsa, veke 37 2016 | Personalet og elevane | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |



# HANDLINGSPLAN VED ULUKKER OG KRISER

*Plan for kommunal beredskap og kriseleiing i Vindafjord kommune* rev. 1.11.12
og *Plan for psykososial støttegruppe 2012 – 15* og vår plan: *Handlingsplan ved ulukker og krise* finn du i permen ”Ulukker og krise” i hylla på forkontoret.
I treboksen som står ved sida av permen ligg også aktuelle bøker , kvite lys og lysestake.
Her finn du og *Beredskapsplan for Vats skule frå 2006*, som gjev mange gode tips til læraren ved sorgarbeid i klassen. *Krisepermen frå Personalomsorg* står i same hylla. Den er systematisk oppbygd og inneheld tiltakslister, malar til brev osb.
Når det gjeld beredskapsplan for vald og terror har kommunen ein ny plan frå våren 2016. (*Ros, Vats skule, Beredskapsplan)*

## 1 ØVING OG ANSVAR

Det skal gjennomførast 2 brannøvingar i året – ein varsla og ein uvarsla. Ansvar: brannvernleiar.
Det skal gjennomførast ei øving på ulukke 1gong pr år, som praktis øving .
Førstehjelpskurs kan vera ein del av dette. Ansvar: Birte Barane.
Alle øvingar skal evaluerast i fellesmøte og i klassane.

## 2 NÅR VARSEL KJEM UTANOM SKULETID

Dersom det skjer ei alvorleg ulukke eller eit dødsfall, som blir varsla i helg – eller etter arbeidstid, skal rektor syta for at arbeidstakarane er informert til dei startar på jobb igjen.

## 3 GENERELL ÅTFERD VED ALVORLEGE ULUKKER PÅ SKULEN

- *Rektor skal varslast straks i alle saker om ulukker og krise.*
- Den som oppdagar skaden er leiar på staden til evt. ansvar vert gitt til rektor/stadfortredar. Leiar på staden gir instruks til tilskodarar. Ein annan vaksen tar seg evt av tilskodarane og flyttar dei vekk frå staden.
- Dersom den skadde kan flyttast: flytt den skadde til SFO.
- Kontaktlærar, rektor og oppdagar er kriseleiing, andre held avstand, og utfører instruksar frå kriseleiinga.

## 4 HANDLING VED ALVORLEG ELEVSKADE PÅ SKULEN

| | ANSVAR |
|---|---|
| **A Det blir gitt førstehjelp (sjå vegleiar på s. 6 og 7) rektor/stadfortredar og kontaktlærar blir varsla.** | **Den som oppdagar skaden** |
| **B Lege/ambulanse/politi vert tilkalla**<br>**Vurder tilkalling av politi (noter handling og tidspunkt)*** <br>**Det vert gitt instruksar til dei som ikkje er i kriseleiinga.**<br>**Foreldre/føresette vert varsla - sjå klasselister/telefonkatalog** | **Kriseleiinga:**<br>**Den som oppdagar skaden/**<br>**Rektor ( stadfortredar )/**<br>**Kontaktlærar** |
| **C Elevane må få samlast for felles informasjon og må få snakka med vaksne om opplevinga.**<br>**Observer elevane. Viser barna teikn til sjokk må lege tilkallast.**<br>**Sysken til den skadde må takast særskild hand om.**<br>**Undersøk om det er folk til stades heime.**<br>**Sjå til at elevane om råd får følgje heim.** | **Kontaktlærar** |
| E Skriv skademelding | Den som oppdaga skaden |



* *Tilkall politi ved: trafikkulukker, ulukker der strafferettsleg ansvar kan verta gjort gjeldande ved tvilstilfelle: ring uansett.*

## 5 HANDLING VED ALVORLEG ELEVSKADE PÅ EKSKURSJON/DAGSTUR

Ansvarleg turleiar (kontaktlærar) skal:
Ha med klasseliste(r) med telefonnummer
Ha med førstehjelpsutstyr
Ha med mobiltelefon.

Ved skade: gå fram etter punkt 4

## 6 HANDLING VED ULUKKER (HERUNDER SJØLVMORDSFORSØK) UTANFOR SKULEN DER ELEVAR FRÅ SKULEN ER INVOLVERT

Rektor får varsel – og varslar kontaktlærar.
Kontakt med heimen blir avtalt.
1. Linjetenesta tek kontakt for å drøfta og leggja til rette for oppfølgingstiltak i samsvar med ulukkesomfang og karakter.
Så snart det er praktisk råd, sørgjer rektor for å samankalla til eit møte med personalet.
Ved ulukker med døden til følgje, sjå under.
Det skal leggjast vekt på at elevane får snakka ut om det dei har opplevd, og i tråd med dette innby til open kontakt mellom heim og skule. Det må leggjast særskilt vekt på augevitne og deira trong for hjelp.

## 7 HANDLING VED ULUKKE, KATASTROFE I OPPVEKSTMILJØET TIL ELEVANE

Dei mest sannsynlege områda for ei ulukke av det omfanget vi her tenkjer på, er ei av dei større verksemdene i nærmiljøet. Hatteland/Arrow og AF Decom, men vil og vera aktuell for Westcon, Stord Verft, Kårstø, og ulukker i Nordsjøen. Det kan og gjelde trafikkulukke med skulebussen, brann i bustadfelt og liknande.
Kriseleiinga i kommunen får varsel. Rådmannen uttalar seg til avisa. Får tilsette hendvending frå avisa skal dei henvisa til rektor, ikkje gi eigen uttale.
Rektor arbeider for å få oversikt over skadeomfang og om det er familiar på skulen som er involverte og samlar personalet til felles informasjon. Kontaktlærar gir informasjon vidare til elevane.

## 8 HANDLING VED DØDSFALL

Vi finn det tenleg å konsentrera oss om tre situasjonar der dødsfall i stor grad påverkar skuledagen for ein eller fleire elevar::
Dødsfall der ein elev er pårørande
Dødsfall blant elevane
Dødsfall blant lærarane

Rektor får varsel og varslar kontaktlærar.
Rektor og eller kontaktlærar gjer følgjande: tek kontakt med heimen til eleven som evt er involvert. Drøft vidare handsaming med dei. Kontakt klassekontakt. Helsepersonell og prest blir kontakta for å drøfta og leggja til rette for oppfølgingstiltak. Kontakta psykososial støttegruppe (sjå plan)

Så snart det er praktisk råd, sørgjer rektor for å samankalla til eit møte med personalet. Praktiske tiltak i samband med gravferd vert drøfta (sjå under)
Rektor: Flaggheising på halv stang.
Kontaktlærar og eller rektor har ansvar for minnestund i klassen eller samla.



**Gravferd dersom elev dør.**
Rektor kontaktar heimen. Med deira tillating følgjer me denne prosedyra:
Klassekontakt blir informert og bedt om å kontakta foreldregruppa i klassen. Klassekontakten blir og oppforda til å gå i gravferda.
Rektor lagar skriv til alle heimane om kva som vil skje på skulen på dagen for gravferda:

- Elevane i klassen og deira føresette blir oppfordra til å gå i gravferda. Det må vera fleire vaksne som følgjer klassen i kyrkja og skulen må ha tilsyn for dei som ikkje vil gå.
- Elevar utanom klassen må gå med sine føresette.
- Alle tilsette som ikkje har anna arbeid på skulen har høve til å gå i gravferda.

Rektor kjøper krans med helsing frå klassen. Kontaktlærar legg ned kransen i kyrkja.

**Gravferd for eleven sin føresette eller sysken som ikkje er elevar ved skulen.**
Rektor kontaktar heimen, med deira tillating følgjer me denne prosedyra:
Klassekontakt blir informert.
Skriv til heimen for elevar i klassen:
Elevane i klassen får høve til å gå i gravferda i lag med sine føresette
Rektor kjøper blomar til heimen. Klassen lagar helsing til eleven. (teikningar/skriv)
Kontaktlærar, klasseassistent og rektor deltek frå skulen.

**Gravferd for besteforeldre – eller andre nære dødsfall.**
Markering i klasserommet ved behov/ etter ønskje. Kontaktlærar vurderer.

**Gravferd når tilsett dør**
Rektor kontaktar etterlatne, med deira tillating følgjer me denne prosedyra:
Klassekontaktar blir informert, og oppforda til å gå i gravferda.
Rektor lagar skriv til alle heimane om kva som vil skje på skulen på dagen for gravferda:

- Elevane i klassen og deira føresette blir oppfordra til å gå i gravferda. Det må vera fleire vaksne som følgjer klassen i kyrkja og skulen må ha tilsyn for dei som ikkje vil gå.
- Elevar utanom klassen må gå med sine føresette.
- Alle tilsette som ikkje har undervisning på skulen har høve til å gå i gravferda, eller tre inn som vikar for andre tilsette som ynskjer å gå.

Rektor/klassekontakt kjøper krans med helsing frå klassen, og rektor ordnar krans med helsing frå personalet og skulen.
Rektor/klassekontakt/elevar legg ned kransane i kyrkja.

**Gravferd når ektefelle til lærar dør**
Rektor gir informasjon på skulen – til tilsette. Kontaktlærar informerer i klassane.
Skriv til heimen for elevar i klassen:

- Elevar må gå med sine føresette.
- Alle tilsette som ikkje har anna arbeid på skulen har høve til å gå i gravferda.

Rektor kjøper blomar til heimen. Klassen lagar helsing til læraren. (teikningar/skriv)
Rektor og klasseassistent deltek frå skulen.

## 9 HANDLING VED BRANN / BRANNINSTRUKS

| HANDLING | ANSVAR |
|---|---|
| Varsla ved å ropa "BRANN " Rektor vert varsla og alarm utløyst | Den som oppdagar |
| Brannsignalet vert gitt med skulen sine ringeklokker automatisk via alarmsentralen, eller utløyst manuelt av oppdagar. | Brannvernleiar |



| | |
|---|---|
| Ein sikrar at alle klassar har høyrt brannsignal eller rop om brann<br>Ring brannvesenet tlf. 110 eller Haugesund 52721010<br>Ver budd på at nokon kan visa brannvesenet til rette<br>Berre i naud må telefonen nyttast til samtaler etter dette | |
| UTMARSJ<br>Arbeidet vert straks avbrote i alle klassar/grupper når ein høyrer brannalarmen eller at det blir ropt ”BRANN”<br>Elevane går straks ut den bestemte og innøvde rømmingsveg om denne veg er fri. Elles alternativ fluktrute | Den som har klassen |

| | |
|---|---|
| OPPSTILLING<br>Elevar og lærarar går straks til grusbana, der dei stiller opp på bestemt innøvd måte.<br>Brannvernleiar er ansvarleg på oppstillingsplassen. Sjå til at alle elevar er til stades (Var nokon ute i ærend på toalettet e.l.? Få tak i dei). Meld av til brannverleiar på plassen om at alle er til stades. Evt. kven som manglar. | Den som har klassen |
| TILSYN<br>Brannvernleiar gir ein eller fleire av lærarane i oppdrag å ha tilsyn med elevane og eventuelt ordnar avtale om husrom. Ver merksam på om nokon viser teikn til sjokk<br>Elevane må haldast samla, og ikkje få gå inn att i eller i nærleiken av han<br>Om nokon vert skadd under brannen, går ein fram etter pkt. 4 | Brannvernleiar<br><br>Den som oppdagar |
| SIKRINGSARBEID<br>Når brannvesenet er på staden kontaktar brannvernleiar og rektor ansvarleg bannmann. Brannvesenet overtar styringa med ulukka. Personalet kan bli fordelt på sikringsoppgåver som: Sløkking med skulen sitt utstyr. Flytting av bilar o.l. som kan hindra brannvesenet i å koma til redning av utstyr/materiell | Brannvernleiar<br>Rektor |
| ELEVTILTAK<br>Så snart som mogleg snakke med kvarandre om hendinga. | Kontaktlærar |

## 9.1 BRANN I NÆRLEIKEN AV SKULEN

Det kan vera hus-, bil-, lyng-, gras- eller skogbrann. Den som oppdagar varslar brannvesenet og rektor
Hald elevane borte frå brannstaden, men dei bør få høve til å snakka om det som skjer.
Dersom det kan sjå ut som om nokon trur heim eller familie er truga, må det takast omsyn til desse ved at dei får ringje heim, eller at dei blir følgde heim.

## 10 VEGLEIING TIL FØRSTEHJELP

Norsk Folkehjelp sin førstehjelpveiledning finn du på dei 2 siste sidene.
Dette er ein kopi – originalen finn du i på 1. sida i personalomsorg sin kriseperm.

## 11 UTSTYR TIL FØRSTEHJELP

Medisinsk utstyr finst spreidd på skulen etter tabellen under.
Dei som er ansvarlege for innhald gir beskjed til sekretær om innkjøp fortløpande.
Sekretær har ansvar for ein årleg sjekk (e-post til dei ansvarlege i oktober kvart år).

**KRISEHJELP : ARKIVSKÅPET PÅ FORKONTORET**

**ORANSJE KASSE MERKA FØRSTEHJELP og GRØN KASSE MERKA BRANNVERN**

Utstyret i desse kassane skal ikkje nyttast ved mindre skader.
**Skyljemiddel for auga ligg i oransje kasse**

**VED MINDRE SKADAR**

Merk: Turkassar er meint for tur – nytt medisinskåpa når du ikkje går på tur.

| LOKASJON | TYPE | ANSVAR FOR INNHALD |
|---|---|---|
| Garderobe lærar | Kvitt medisinskåp | Lagleiar mellomtrinn |



| | | |
|---|---|---|
| SFO | Kvitt medisinskåp | Innkjøpsansvarleg SFO |
| Sløydrommet | Kvitt medisinskåp | Samlingsstyrar KH |
| Klasseromma | Kateter (plaster) | Kontaktlærarar |
| 1. og 2. klasse garderobe | 2 stk "puter" til turar | Kontaktlærar 1, og 2. klasse |
| Lavo (vedbua) | Vanntett kasse | Ansvarleg uteskule |
| Garderobe lærar | 2 stk turkassar | Lagleiar mellomtrinn |

# Kortinstruks ved BRANN




## Administrasjonen varslar
## Brannleiar er operasjonsleiar

### Varsla
- **Utløys brannvaslar.**
- **Varsla administrasjonen.**
- **Rektor eller stadfortredar ringer naudnummer.**
- **Rektor eller stadfortredar ordnar avtale om husrom.**

### Forlat bygget
- **Lærar og assistentar tek dei elevane han/ho har ansvar for med seg til grusbana.**
- **Er det mogeleg skal vindauga lukkast før ein går ut.**

### Kontroller
- **Læraren og assistent tel opp sine elevar.**
- **Dersom det manglar elevar skal rektor eller brannleiar ha melding straks.**

### Meld av
- **På grusbana tek brannleiar imot status frå lærarane og rektor**
- **Brannleiar gjev instruks til lærarar og elevar på grusbana.**
- **Brannleiar vurderer om ein skal gå gjennom bygget.**
- **Brannleiar vurderer om det skal organiserast sløkkjearbeid til brannvesenet overtek.**

### Gå til husrom
- **Elevar går til Vindafjordhallen med kontaktlærar**



# SIDE 1

NORSK FOLKEHJELPS

# FØRSTEHJELPSVEILEDNING

## På skadestedet

### *Ta ledelsen*

- Opptre rolig.
- Organiser arbeidet og fordel oppgavene.
- Gi direkte og entydige ordrer.



### *Sikring av skadested og de skadde*

- Sørg for at ikke flere blir involvert i ulykken.
- Sett frem varseltrekant og slå på varselblinkere.
- Slå av lys, tenning, maskiner, og evt. verktøy.
- Ved brann- og eksplosjonsfare - bring de skadde i sikkerhet.
- Hold nysgjerrige på avstand.

### *Få oversikt over situasjonen*

- Få oversikt på hvor alvorlig situasjonen er og hvor mange skadde det er.
- Legg alle bevisstløse i sideleie.



### *Varsling- ring nødnummer 1-1-3*

- Hvem - navn og adresse det ringes fra.
- Hva - hendelse, hvor mange er skadet.
- Hvor - nøyaktig sted for ulykken.

## Undersøkelse av skadde

### *Prøv å få kontakt med den skadde*

- Rist i personen og rop: **Er du våken?** Våkner personen - søk etter skader.
- Er personen bevisstløs - sjekk pust. Tilkall hjelp



### *Sjekk om pasienten puster*

- Gi fri luftvei: Ta tak i haken og løft den opp slik at hodet bøyes bakover.
- Legg kinnet/øret over personens munn og nese. Lytt og føl etter normal pust, og se etter bevegelse på brystkassen. Bruk inntil 10 sekunder på å sjekke pusten.
- Hold frie luftveier. Hvis du føler/hører normal pusting i 1 minutt - legg personen i sideleie og overvåk til hjelp kommer.
- Hvis du ikke føler/hører normal pusting ring 1-1-3 og start HLR.



## Livreddende førstehjelp



### *Bevisstløs person som puster selv*

- Legg personen i sideleie.
- Bøy hodet bakover og legg ansiktet lavt, gjerne med hånden til støtte under kinnet.
- Fjern blod og oppkast fra munnen og kontroller at personen puster.



### *Bevisstløs person som sitter i bil*

- Før hodet opp i normal stilling.
- Støtt hode og nakke mens en sjekker om personen begynner å puste.
- Hvis personen ikke begynner å puste, må en ta vedkommende ut av bilen for å starte hjerte- og lungeredning.



*Våken person som puster, skal sitte/ligge i den stillingen vedkommende synes er mest behagelig.*

### *Fremmedlegemer i halsen:*

- Så lenge personen greier å trekke pust nedenfor fremmedlegeme, er hosting mest effektivt. Ved slike tilfeller anbefales det bare å oppmuntre personen til å fortsette å hoste.

**Hvis luftveiene er helt blokkert og personen fortsatt er våken:**

- Voksne og barn over 1 år: Veksle mellom å gi fem slag midt mellom skulderbladene og fem harde raske støt i magen opp mot mellomgulvet.
- Barn under 1 år: Veksle mellom å gi fem slag midt mellom skulderbladene og fem brystkompresjoner. Hold barnet med hodet lavt over kneet ditt. Hold en hånd på ryggen og en under barnets bryst og mage når du snur barnet for å veksle mellom ryggslag og brystkompresjoner.



**Hvis personen blir bevisstløs gir brystkompresjoner størst økning i lufttrykket nedenfor fremmedlegemet.**

- Start derfor standard HLR (30:2) med et enkelt tillegg: Se etter fremmedlegeme i munnen før hver serie med to innblåsninger.

## VIKTIGE TELEFONER

LOKAL LEGEVAKT:..........................................

AMBULANSE: 1-1-3 BRANN: 1-1-0 POLITI: 1-1-2



**SIDE 2**

NORSK FOLKEHJELPS

# FØRSTEHJELPSVEILEDNING

## Livreddende førstehjelp

### *Bevisstløs person som ikke puster: Hjerte-/lungeredning (HLR)*

- Hvis pasienten ikke puster normalt *ring 1-1-3* og skaff hjelp. Om mulig få noen andre ti å varsle 1-1-3.
- Stå på kne ved siden av pasienten.
- Finn trykkpunktet som ligger midt på brystkassa.
- Plasser håndroten mot trykkpunktet. Legg den andre hånden oppå den første. Løft fingrene fra brystet og trykk kun ned med håndroten.
- Gi 30 kompresjoner med en hastighet som tilsvarer 100 i minuttet. Trykk brystkassen rett ned 4-5 cm pr. kompresjon.
- Løft kjeven og skap et underbitt hos pasienten.
- Gap høyt og plasser leppene tett rundt pasientens munn.
- Gi 2 innblåsninger, hver innblåsning skal ta 1 sek. og avsluttes når brystkassen hever seg.
- Det gjøres 30 kompresjoner, så 2 innblåsninger. Fortsett med 30 kompresjoner og 2 innblåsninger til hjelpen kommer.





### *Hjerte-/lungeredning på små barn:*

- *Ring 1-1-3* og skaff hjelp.
- Gap over både nese og munn.
- Blås forsiktig 5 ganger inn i barnet før du starter med brystkompresjoner.
- Gi 30 kompresjoner med en hastighet som tilsvarer 100 ganger i minuttet.
- Druk kun en hånd til brystkompresjoner - to fingre på spedbarn.
- Gi 2 innblåsninger, hver innblåsning skal ta 1 sek. Avsluttes når brystkassen hever seg.
- Fortsett med 2 innblåsninger etter hver 30. kompresjon.



## Store blødninger



### *Stans ytre blødninger*

- Hold det blødende stedet høyt.
- Trykk direkte på det blødende stedet med fingrene.
- Legg trykkforbinding direkte på det blødende stedet.
- Legg personen flatt på ryggen.

Hvis personen har fått støt mot magen eller klager over smerte kan det være indre blødninger. Legg da personen flatt på ryggen.

## Gi psykisk støtte

### *Pasienten*

- Vær sammen med den skadde og vis nærhet.
- Ta den skadde i hånden og forklar hva som skjer.



- Når den skadde spør, snakk sant. Det er ikke alltid nødvendig å fortelle *alt* en vet. Vær en god lytter og aksepter følelser. Hold nysgjerrige unna og hold betrodde opplysninger for deg selv.

### *Førstehjelperen*

- Det er lov å være redd.
- Snakk om dine opplevelser i ettertid.
- Både opplevelsene i seg selv og følelsen av å være utilstrekkelig kan være en påkjenning.

Norsk Folkehjelp & Produkt og Undervisning
Postboks 2664 St. Hanshaugen
0131 Oslo
Telefon: 23 35 35 90 - Telefaks: 23 35 35 93
www.folkehjelp.no
email: produktsalg@npaid.org